

Gloppen hjorteutval – 24.03.2026



Foto: Lindis B. Østgård



1. Gjennomgang av jakta

Valda sine inntrykk og tankar om:

- *Jaktsesongen 2025*

~ Runde rundt bordet ~



Blåfjellet: Enkelte jaktfelt hadde lite dyr, mens andre hadde mykje. Felte 126 av 150 løyve.

Breim nord: Myklebustdalen hadde bra med dyr, normal mengde, men dei unge bukkane kom seint. Andre plassar er det antyding til redusert hjortetettleik. Det vart totalt felt 68 av 88 løyve. Dette er ikkje rekord, men høg avskyting.

Gloppen nordside: Bra med dyr på Eide, Solheim og Føleide, mens andre har lite. Dette er normalt for valdet. Det vart felt 80 av 100 dyr. Dette er høgare enn det har vore dei siste åra.

Gloppen sør Kandal: Observerer mindre dyr overalt og det må jobbast meir per felte dyr. Termisk har blitt nytta til å scanne terrenget og det er tydeleg lite dyr også høgare i terrenget. Det vart felt 32 av 39 løyve og det var vanskeleg å finne ungdyr.

Gloppen Sør: Det er store variasjonar i tettleiken mellom jaktfelt. Dei som normalt har hatt mykje, har framleis det, men dei ser ein tendens på nedgang. Dei som har hatt lite, har no ekstremt lite og enkelte jaktfelt har nesten ikkje sett hjort i det heile. Det vart felt 71 av 97 løyve totalt.

Jurahesten: Mykje dyr, spesielt på hisida av fjorden. Kalvane var store, mest sannsynleg eit resultat av tidleg brunst året før. I 2025 var brunsten litt seinare og det blir interessant å sjå om det har synleg verknad på kalvevektene neste år. 26 av 29 løyve vart felt.


Vestre Hyen: Antyding til nedgang i enkelte jaktfelt. Blir jakta mest i utmark, men nokon blir felt på bø. Nokon få nyttar termisk. Avskytinga enda på 116 av 130 løyve.

Austre Hyen: Dyra har flytta litt på seg, men jamt over var det eit ganske normalt år. 94 av 120 (+10) løyve vart felt.

Tildelt og felt hjort i Gloppen kommune



Felte og tildelte dyr




Tildelt: 970

Felt: 777


Fellingsprosent: 80,1 %

Lågare enn 2023/2024, men 3. høgaste fellingstalet i kommunen.

Fellingsprosent



Kjønns- og aldersfordeling



Kalv: 27,8 %

Fjorkolle: 16,5 %

Beinhonnel: 18,1 %
(fjordyr: 34,6 %)


Eldre kolle: 20,2 %

Eldre bukk: 17,4 %
(eldre dyr: 37,6 %)

Kjønnsfordeling

Hann: 48,8 %


Ho: 51,2 %



Slaktevekker

Slaktevekker


Snittvekt siste 10 åra



Aukande trend på hokalv og eldre bukk. Stabil på hannkalv, men minkande trend på alle kategoriar.


73 % av dei felte dyra vart levert med vekt i 2025.

Prosent av felte dyr levert med slaktevekt



Sett og felt hjort


Sett hjort per jegerdag




Sett hjort per jegerdag totalt (blå) har ein aukande trend. Vi veit at dei siste tre åra antakeleg er påverka av termisk og det er difor vanskeleg å seie noko konkret om utviklinga totalt.

Felt hjort per jegerdag totalt (blå) har vore stabil dei siste tre åra. Denne indeksen kan og vere påverka av bruk av termisk.


Innsats (tal jegerdagar)



Felt hjort per jegerdag




Prosent felte dyr registrert i HVR (%)






Bestandsutvikling



Felt av sett bukk: 15,8 %
Felt av sett kolle: 12,7 %
Felt av sett kalv: 14,7 %

Felt av sett



96 % av jaktfelte leverte sett hjort i 2025, og 92,3 % av dei felte dyra vart registrert som felt hjort i HVR.

Bestandsutvikling (2023-2025)


- Valdgrenser
- Jaktfeltgrenser

Sett hjort per jegerdag

- Ikkje registrert
- 0,0 - 0,5
- 0,5 - 1,0
- 1,0 - 2,0
- 2,0 - 4,0
- 4,0 - 6,0
- 6,0 - 8,0
- 8 og over

Tal jegerdagar

- Ikkje registrert
- 1 - 15
- 15 - 50
- 50 - 100
- 100 - 150
- 150 - 300
- 300 eller meir




2. Vårteljing



Gjennomførast 2 påfølgjande veker innafor perioden siste to helgane i april til fyste to helgane i mai.

Dato i 2026: Blir bestemt av valda sjølv, gjerne i samarbeid med kvarandre, og sendast inn som informasjon til kommunen. Informasjon om dato for storvalda blir sendt til dei mindre valda

Vårteljing blir annonsert som fellesannonse i avisa og informasjon blir sendt på e-post til alle valdleiarar.



Semje om at det vart telt for seint i 2025, sjølv om det vart telt dei fyste to helgane i perioden. Det vart diskutert om perioden bør justerast med ei veke, men ingen endring vart vedteke.

Kommunen sender ut påminning til storvalda etter påske slik at dato kan bli satt raskt etter det.

Sannsynleg at det blir natt til 18. og 25. april.

3. Nytt lovverk (lov og forskrift)



Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) trer i kraft 1. juli 2026 og er ei fornying av viltlova. Ein del forskrifter må oppdaterast samtidig. Desse er no på høyring (frist 6. mai).

Faggruppa vilt i Sunnfjord og Nordfjord (samt litt frå Sunnmøre) skal sende inn eit innspel administrativt, samt at eit innspel vil bli sendt frå Kommunestyra i dei aktuelle kommunane i tillegg.

Det nye regelverket har blant anna tydeleggjort framgangsmåten rundt ettersøk og bruk av termisk i hjortejakta har blitt mykje diskutert.

Forskrifta som no er på høyring legg fram at kvar kommune kan fyst søkje til landbruksdirektoratet om å få lov å opne for å nytte termisk i ope terreng om ein kan dokumentere at tettleiken er stor og det er mykje skade på innmark. Om søknaden vert godkjent kan kommunen sette i gang med å lage ein inntil 5-årig forskrift som opnar for dette.

Innspelet frå faggruppa kjem til å bli at dette er for tidkrevjande for kvar kommune og det beste er at det blir laga ein regel nasjonalt. Om det ikkje kan gjerast nasjonalt pga tolking av Bernkonvensjonen, må vurderingane kunne gjerast per fylke, region eller årsleveområde for hjort av Fylkeskommunen.

Alle kan sende inn høyringsinnspel. Høyringsdokumentet ligg her:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-forslag-til-nye-forskrifter-og-endringer-i-utvalgte-forskrifter-pa-viltomradet-i-forbindelse-med-ikraftttredelse-av-viltressursloven/id3147556/>

4: Oppdatering merkeprosjekt



Feltarbeidet er ferdig gjennomført.

Rapporten er nesten ferdig, men skal gjennom nokre rundar med gjennomlesing før den vert publisert.

Håper at rapporten blir publisert før sommaren og at det blir informasjonsmøte i August.



Foto: Lindis B. Østgård

5. YMSE



- **Minner om fristen 1. mai (storvald)** for levering av budsjett og rekneskap, søknad om endring til bestandsplan, vald osv.

- **Innspel frå Gloppen Sør/Kandal**

- **Fri Kalv:** Er det framleis grunnlag for dette?

Det er fleire grunnar til at kommunen er positiv til å søkje om fri kalv, blant anna er det eit godt tiltak for å auke snittalderen i bestandet, samt prøve å redusere del kalv som døyrr gjennom vinteren. Forvaltningsmessig kan ein gjere veldig lite galt ved å ta ut ein høg del kalv i jakta.

På kommunenivå er fri kalv lite brukt utover totalt tildelt kvote.

- **Termisk:** Korleis påverkar det statistikken og datagrunnlaget?

Bruk av termisk har ein verknad på statistikkane som sett og felt hjort per jegerdag, samt at det vil ha verknad på tal felte dyr totalt og innsatsen bak desse. Vi veit ikkje nøyaktig kor stor verknaden er, slik at det er vanskeleg å samanlikne tala frå dei siste tre åra med tidlegare år. Vi håper det blir laga ein instruks på Hjorteviltregisteret rundt registrering av jaktdata ved bruk av termisk.

- **Målsetting og måloppnåing rundt hjorteforvaltninga:** Kva er det konkrete målet? Ref. stabilisere på eit lågare nivå i delar av kommunen.

Målet er framleis å redusere i hjortetette områder av kommunen. I områder som har merkbart mindre hjort kan valda sjølv gjere tiltak for å prøve og bygge opp lokale stamdyr. Dette er eit arbeid som kan ta lang tid. Det er betre å gå ned på løyve enn å lage veldig skeive avskytingsplanar.

5.



- **Dokumentasjon frå bønder med beiteskade:** detaljert dokumentasjon på økonomisk tap.

Norsk landbruksrådgiving har informert at dei foretrekkar store prosjekt for å kunne dokumentere tap frå hjort hos bønder. Det er gjerne 5-årige prosjekt som er kostbare å gjennomføre og som går gjennom heile drifta og økonomien på bruket. Slike prosjekt betalast gjerne med viltfondet. Inntrykket var at dette blir for omfattande å sette i gang på alle bruk som slit med skade for å kunne tildele meir løyve.

- **Inngjerding av innmark:** Korleis har dette fungert for bonden? Erfaringar?

Tilbakemeldingar frå fleire av bøndene som har gjerda inn innmark er positiv, men stort sett er inngjerdinga rundt små bøar, gjerne som ligg litt for seg sjølv mot utmark. Det er ikkje alle plassar det let seg gjennomføre med inngjerding. Inngjerding flyttar problemet vidare til naboen eller andre.

- **Kommunalt måldokument og bestandsplanar:**

Det vart bestemt i fjor at vi skulle forlenge den overordna forvaltningsplanen for hjort med eitt år grunna at arbeidsmengda for utmarksforvaltar er for stor når både Stad og Gloppen kommune rullerarar samtidig. Det har og vore ønske om å gå over på 5-årig plan. Valda ønskjer svar på om dette blir vedteke so raskt som råd. Det er nyttig å vite om planane gjeld eitt eller to år til før jaktstart.



Foto: Lindis B. Østgård